

Radøy kommune
5936 Manger

Manger, 9 februar 2018.

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN DEL AV
KYRHODDEN, Gnr. 45, Bnr. 360

Underteikna viser til tidlegare søknad av 2.12.2017 og Dykkar svar 20.12. I svaret går det fram at søknaden om dispensasjon frå reguleringsplan, del av Kyrhovden, Gnr 45, bnr 360 for å bygge 2 garasjer manglar avsett avstand mellom garasjer og hovudbygning, og kan difor ikkje handsamast.

Når det gjeld den del av søknaden som gjeld seksjonering, så vil eg kome attende til den når eg har funne eit firma med dekkande ansvarsrett.

Når det gjeld den delen av søknaden som gjeld dispensasjon frå reguleringsplanen er eg ueinig i Dykkar konklusjon, og vil grunngje det slik:

Reguleringsplanen for området Kyrhovden, der Gnr 45, bnr 360 ligg, kan ikkje utbyggjast slik vedtatt reguleringsplan tilseier. Det blei gjort innsigelse mot bygging av tomannsboligen nærast hovudvegen slik det framgår av vedteken reguleringsplan.

Eigarane av området vil no byggje to garasjar på området der gjeldande reguleringsplan viser ein tomannsbolig, og søker difor om dispensasjon frå den gjeldande og ubruklege del av reguleringsplanen.

Når det gjeld plassering av desse to garasjene, så er denne plasseringa underordna, eller sogar irrelevant i denne samanheng, så lenge ein held seg innanfor dei grenser § 4-1, tiltak unntatt byggesaksbehandling set. Det er dispensasjonssøknaden frå gjeldande reguleringsplan saka gjeld. Oppføring av desse to garasjene er ikkje søknadsplichtige, og manglande avstand er difor eit irrelevant argument.

Eg vil be kommunen ta søknaden opp til vurdering, og då realitetane i denne søknaden ikkje er endra frå tidlegare søknad, reknar eg med at nabovarsel, etc ikkje trengs sendast på nytt.

Med helsing

Karl-Gustav Hella



Kopi: Tormod Magne Grindheim og Preben Rene Sylta